

## Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Alle dei vidaregåande skulane i Vestland har beredskapsplanar. Desse har inntil vidare ulik form og omfang, men alle omtalar rutinar ved uønskte hendingar, som t.d. trugslar, vald og skuleskyting.

Fylkesrådmannen har 26.02.2020 stilt skulane følgjande spørsmål:

1. Har skulen gjennomført kriseøving (ar) dei siste 12 månadene?
2. Har elevane vore med på øvinga(ne)?
3. Kva var tema for øving(ane)

Alle skulane har svart på spørsmåla.

29 av dei 49 fylkeskommunale skulane i Vestland har gjennomført kriseøving dei siste 12 månadene. Dei fleste av øvingane har vore gjennomførde som tabletop-øvingar eller som fullskala øvingar. 17 øvingar har vore gjennomførde med elevar.

Fylkesrådmannen har bestemt at krise- og beredskapsplanane på dei vidaregåande skulane skal vere reviderte og etter ein felles mal til 15.09.2020.

Krise- og beredskapsplanane skal forankrast i lover og forskrifter som regulerer området, i fylkeskommunen sin overordna kriseplan og HMT-arbeidet elles, og med utgangspunkt i ROS-analysen som skal gjennomførast innan 30.4.2020. Eigedomstenesta må involverast i revisjonane.

Skulane skal også samarbeide med vertskommune og lokalt politi i dette arbeidet.

Det skal også gjennomførast ROS-analyse og utarbeidast beredskapsplan for rettleiingstenestene og avdeling for opplæring og kompetanse.

Det er utarbeidd slik plan for det vidare arbeidet i 2020:

- Innan utgangen av januar/februar: skulane har oppdatert lokal organisering av kriseberedskapen til bruk for fylkesrådmannen i det overordna beredskapsarbeidet i Vestland
- Innan utgangen av april: skulane, rettleiingstenestene og avdelinga har gjennomført ROS-analyse etter felles mal
- Det er planlagt et kurs i ROS i regi av Fylkesmannen i Vestland i nær framtid for dei som har behov for det.
- Innan utgangen av mai: mal for beredskapsplanane skal vere ferdig
- 15. september: skulane sine beredskapsplanar skal vere ferdige.
- Oktober: Det skal gjennomførast tabletop-øving på skulane og på avdelinga
- November: øvingane skal evaluerast»